

Sande

Noko informasjon om Sande er samla i dette heftet. Meir finn du i bygdeboka for Luster, Gards- og Ættesoge for Luster, bind 3: Dale 2 og Nes sokn (1987).

01. Generelt om Sande

Sande ligg på søraustsida av Lustrafjorden, om lag 9 km frå Skjolden langs vegen Skjolden - Ornes. Denne vegen er og kalla " Den romantiske vegen" eller "Kulturvegen" då den har fleire plassar som gjev store natur- og kulturopplevingar: Urnes stavkyrkje, Munthehuset, Feigefossen og Lerum saftmuseum.

Det er i dag to hovudbruk på Sande. Fram til 1875 var det framleis berre eit bruk. Den garden som seinare vert omtala er den som er nemnt som bruk nr 1, og der gardsmuseet på Sande ligg.

Garden har to stølar: vårstølen Hovden som ligg beint opp for garden kring 750 m.o.h., medan sommarstølen ligg i Mørdalen på 900 m høgd på nordsida av elva/fossen Mordøla.

Namnet Sande seier at det er sandrik jord her, og som lett kom i rørsle ved uver. I gamle dagar seier soga at det gjekk mange jordskred her, men i nyare tid har dette stabilisert seg.

Sande er ein gamal gard, og har vore eitt eige bruk frå omkring 1300. Eigaren den gongen var Fet kyrkje i Hafslo. Etter reformasjonen gjekk garden til biskopen i Bergen. I Noreg var det den gongen berre Kongen og/eller Kyrkja som eigde jorda. Den som dreiv jorda måtte då betale ei avgift, eller leige til eigaren som blei omtala som garden si "skyld".

Fyrst i 1852 fekk brukaren den gongen, Thorkild Thomasson Sande "kongeskøyte" på eigedomen og blei soleis den fyrste sjølveigaren.

Mange har vore brukarar og eigarar av Sande. Den fyrste me veit om var Ola Sande som kom til garden i 1610. Sia har det vore 15 familiar som har bruka eller eigd Sande. I eit vedlegg til denne soga finn du namna på alle desse. Familien til dei som no eig Sande kjøpte garden i 1898.

02. Husmannsplassar

Under garden Sande, som altså er ein heller liten gard, var det to husmannsplassar: ***Jerven og Hagen.***

Jerven – eller "Jervad'n" som den vart kalla lokalt var rydda som ein husmannsplass kort tid før 1800, og han var samanhengande i bruk fram til 1896 då dei siste som levde der fór til Amerika og plassen gjekk attende til hovudbruket. I alt var det 4 familiar som budde i Jerven (Jervad'n) i løpet av dei åra det var busetting på plassen.

I 2010 vart det sett opp eit lite hus, eit anneks, på dei gamle tuftene til stovehuset i Jerven

Hagen, den andre husmannsplassen ligg lenger ut forbi den andre Sandegarden, mot grensa til Leri-gardane. Det ligg attmed vegen i eit skogområde som blei liggjande til denne garden etter delinga i 1875. Hagen vart rydda kring 1852, og det budde i alt 6 familiar der fram til 1950 då det blei fråflytta. Denne plassen er no utskilt frå Sande, og blir nytta til feriebustad for ei grein av familien på Sande.

03. Husa på Sande

Stovehuset på Sande er truleg bygd på 1700- talet, kjem opphavleg frå Urnes, men blei flytt til Sande ca 1850, Stabburet er like gammalt, frå ca 1780, medan eldhuset og skålen er av nyare dato. Før stod det eit hønsehus oppe ved vegen og dei hadde ein revegard på sjøside av stovehuset, men desse husa blei rivne i 1970.

Driftsbygningen på Sande er oppført i fleire periodar. Den eldste delen, tømmerdelen der høyet vart lagra, er frå om lag 1780 -1800, og stod fyrst inne på Bøen, om lag 500 meter frå garden. Den blei flytt til noverande plass i 1870 og bygd saman med det som den gongen var fjøs. Fjøset med rom over (der gardstreiskapane er utstilt no blei bygd i 1930, og utbetra i 1970, for så å bli vøla på ved reperasjonen i 2010.

04. Livet på Sande for 60 - 80 år sidan

04.01 Arbeidsdelinga på garden og døgnrytmen

Alt arbeid på garden var kjønnsdelt, noko var kvinnfolkarbeid medan resten var mannfolk-arbeid. Kjøkkenet og fjøsen var kvinnfolka sin arbeidsplass, rimeleg fordelt mellom husmora og tenestejenta som og var budeie. Heile sommaren låg budeia på stølen med geiter, kyr og sauer, og produserte smør og ost av all mjølka (geit og kyr). Dei fleste mannfolka kunne ikkje sjølve mjølka.

I onna var raking med rive og hesjing kvinnfolkarbeid, medan mannfolka slo, sette opp hesjar og raka høyet med sleperiva. Dei køyrde og inn høyet og tok seg av all lauvinga. Kvinnfolka på si side hadde ansvaret for å halda ugraset borte frå åkeren.

Bærplukking var kvinnfolka sitt ansvar, medan frukthastinga var kvinne og menn saman om. Skjæring av bær - og frukttre og sprøytinga tok mannfolka seg av.

Revegarden var heilt ut mannfolka sin arbeidsplass, medan husmora hadde monopol på eggproduksjonen. Eggpengane gjekk rett i husmora sine lommar.

På Sande hadde og bonden sjølv ansvaret for "det skriftlege" og kontakt med bank, forsikring og det politiske systemet.

04.02 Døgnrytmen og matstellet

På Sande kjem sola seint opp, noko som og speglar døgnrytmen. Arbeidsdagen byrja sjeldan før kl. 08.00, men dei jobba som oftast fram til kl. 20.00.

Frukosten var brødmatt, kaffi og mjølk. Dugurd (føremiddagsmat) var mellom kl.11.00 og 12.00, og var som oftast kald graut, helst vassgraut (byggmjølsgraut) og surmjølk. Middagen kl 15.00 var hovudmåltidet, helst sjølvfanga fisk eller sjølvprodusert kjøtt, med poteter og helst gulrøter og kål attåt. Kveldsmaten var varm graut, helst vassgraut og nysila mjølk.

I onna fekk ein oftast eit mellommåltid i 17.00 - tida, helst servert ute på åkeren. Det var varm og kald drikke (kaffe og saft) med vaffelkake, eller hellekake attåt.

04.03 Kva produserte dei på Sande?

Sande har i dag ca 22 dekar (da) dyrka mark og ca 160 da. produktiv skog/beitemark, samt noko anna utmark, steinur o.l. (ca 600 da.). Delar av det som no er beitemark (Bøen), var fram til 1970 slåttemark.

Vi tar har teke utgangspunkt i produksjonen i 1945, som var om lag dette: *3-5 mjølkekyr og 2-4 ungdyr/kalvar, 35 - 40 vinterfóra geiter, 20 vinterfóra sau, ein del sølv- og blårev, 1 hest, 2 grisar og nokre høns, gras (høy) og lauv tilstrekkelig for å føre dyra gjennom vinteren, poteter (mat/fór til folk og dyr) og kålrot/fôrbete, ca 50 epletre, bær av ymse slag – mest bringebær, noko korn (kveite og bygg) og noko tobakk.*

05. Gardsarbeidet på Sande gjennom dei ulike årstider

05.01 Vinter

Om vinteren var stell av dyra og vedhogst dei viktigaste gjeremåla. Utan straum gjekk det mykje ved – både vinter og sommar. Og møka måtte køyrast ut på åker og eng.

Reparasjonsarbeid var òg vinterarbeid. For kvinnfolka var det kleda som måtte sjåast etter, vølast og fornyast, og mannfolka måtte sjå etter reiskapar som vart brukte ute.

05.02 Vårn

Vårnna, historisk sett, var gjødsling, pløying, harving og såing. Kvar av desse arbeidsoperasjonane tok tid og krefter når hesten var einaste drakrafta. Samtidig blei dyra slepte ut på beite. Det medførte at ein måtte kontrollere og reparere gjerde og sjå etter at grinder var som dei skulle vera.

På løa finn ein dei reiskapane som blei brukte. **Arden** er den fyrste plogtypen vi kjenner. Arden snudde ikkje jorda, men laga ei fure som bonden kunne så, eller setje ned planter, eller poteter i. Etter kvart som plog med veltefjøl blei utvikla, brukte ein framleis arden ved setjing av poteter, eller til ugrasreinsking/hypping av potetåkeren. **Plogen** er ei vidareføring av arden, men er ikkje symmetrisk slik arden er. Den er utstyrt med ei veltefjøl som snudde jorda. Sjølv om plogen fyrst blei utvikla i England, fekk norske plogar ry som ein sær god reiskap.

Harva vart brukt til å smuldra, jamne og blande jorda etter pløying. Den vanlegaste harva har fjørande tindar - slik du finn ho på Sande.

05.03 Sommaraktivitet - Slåttonn

Slåttonni, eller onni, vart rekna som den travlegaste tida på ein Lustragard. Då skulle vinterfòret til dyra hentast inn. Grasproduksjonen var hovudkjelda for vinterfòr til dyra, og innhaustinga av gras, slåttonna, var difor også den viktigaste sommaraktiviteten på Sande.

I eldre tid var ljàen den viktigaste reiskapen for å slå graset. Etter kvart kom slåmaskina, men i meir ulent terreng var ljàen hovudreiskap heilt fram til vår tid. Det store gjennombrøtet for slåtten kom altså med slåmaskina, og med hesten som drakraft. Den kom hit til landet på slutten av 1800-talet. Maskina er ein kam med eit tilsvarande sett med trekanta knivar. Dei roterande hjula gir ei kraftoverføring via ein veivaksling til knivane som går att og fram inne i kammen og kuttar graset. Å slå med ljà og slåmaskin var eit typisk mannfolk-arbeid. Men det var kvinnene som hadde hovudansvaret for å rake graset og henge det på hesjane. Her hang det til det var turt, då blei hesten og høyvogna igjen mobilisert for å køyre det turre høyet inn.

Når sleperiva kom tok mannen over delar av rakinga. Den type sleperive som var i bruk på Sande er frå fyrste delen av 1900 åra. Fjørnordninga i handtaket på riva gjorde at tindane festa seg i jorda – riva gjekk rundt og graset blei liggande der ein ville – ved hesa. Ved eit enkelt handgrep blei riva vippt tilbake til samleposisjonen. *"Sleperiva gjør minst 4-5 manns arbeid"* stod det i ein reklame for denne riva – ein effektiv reiskap for den tida.

Lauvet var eit viktig tilleggsfôr. Innhaustinga av lauv tok til etter at den tradisjonelle slåttan var ferdig. Lauvkvistane blei kappa med ein spesiell lauvkniv – ein *snedl*, og bunde saman i lauvkjervar som blei lagra på løelemen når det var turt.

Når onni var over måtte bæra haustast. Bringebær var det viktigaste bærslaget, men dei hadde òg noko rips og solbær, mest for eigen saft- og syltetøyproduksjon. Bringebæra vart nok mest selde til Lerum Saftfabrikk. Bonden på Sande, bestefar til eigaren i dag, er registrert som den fyrste leverandøren av bær til Lerum Saftfabrikk i 1907.

05.04 Haustaktivitet

Når høyet var i løa og bæra plukka gjekk det mot haust med tid for frukthasting, skjering av korn, innhausting av tobakken, poteter, kålrot og andre grønsaker. Dette var og ei travel tid for bonden på Sande. I tillegg skulle dyra tilbake til garden frå fjellet og stølen.

05.04.01 Fruktproduksjon

På Sande var det stor frukthage, mest eple - mykje *Gravenstein*, men og noko *Åkerø*, *Prins*, *Cox's Pomona*, og *Fuhr*. Men det var og noko plommer og pærer - *Keiserinne* og *Gråpære*. Det meste av frukthagen blei øydelagt av frostskeidar slik dei fleste frukttrea langs fjorden blei det vinteren 1979

Dei beste epla vart pakka i trekassar og selde til dei store byane, medan pressepla som var dei dårlegaste, og nedfallsfrukta, blei selde til Lerum eller Brummundal.

05.04.02 Tobakksdyrking på Sande

Det vart også dyrka tobakk på Sande heilt frå tidleg på 1900-talet og fram til ca 1950. Luster er kjend for sitt turre og milde sommarklima. Dette var ein viktig grunn til at bygda fekk ei omfattande tobakksdyrking alt frå slutten av 1800-talet fram til etter 2. verdskrig. Bonden på Kvåle i Luster hadde vore i USA og lært å dyrka tobakk. Han kom heim att i 1898, og hadde kunnskapen med seg og satsa stort, og han fekk mange med seg. Alt i 1902 var det 150 gardbrukarar som produserte tobakk på i alt 300 dekar i det som i dag er Luster kommune. Haustinga gjekk føre seg i august/september, og så blei tobakksblada hengde til turk, anten i spesielle tobakkshus, eller som på Sande, på løa. I desember/januar blei dei turka blada lagt i ei spesiell fermenteringsveske, og etter ei tid her blei dei sende til tobakksfabrikkar, men som regel slik at bonden sikra seg ferdig pakka tobakk i retur. Både tobaksblad og returtobakk kan du sjå på gardsmuseet på Sande. Den spissinga du finn på panelet (ytterkledninga) på sørveggen av løa på Sande er slik den også var på tobakshusa i midt-vesten i USA, og som "kvålebonden" hadde "teke med seg" heim frå USA, - og som vi stort sett berre finn i Luster.

05.05 Aktivitetar som føregjekk heile året.

På ein gard som Sande var det og ein del aktivitetar som gjekk føre seg heile året, og ikkje berre i enkelte årstider.

05.05.01 Fjordfiske

Fjordfiske var ein viktig del av kvardagen og matauken heile året. Dette gjekk føre seg helst med garn, men kveiteline og landnot var i bruk når tida var rett.

05.05.02 Revehald

Sande var ein av omlag 50 gardar i Luster som hadde pelsdyr (1946), som stort sett var blårev og/eller sølvrev. Mink, i bur, kom aldri til Sande.

Reven kravde mykje mat og stell. Dei åt mest fisk og slakteavfall/kvalkjøt som dei mala opp på eigne kverner, og restane av slike kverner er på museet. Dette foret vart så blanda med kraftfôr og mjølk. Kvar vaksen rev åt om lag 50 – 60 kg fôr i året, så revematen var ein stor utgiftspost. Likevel seier soga at det var god forteneste og ”*at dei tente ikkje betre på andre husdyr*”

06. Mat- og klesproduksjon – ”kvinnfolkarbeidet” på Sande

Når ein studerar aktiviteten på ein gard på Sørsida av Lustrafjorden, som t.d. Sande, er det viktig å hugsa på at grenda ikkje fekk elektrisk straum før i 1953. Dei fekk bilveg ut or grenda fyrst i 1970. Før denne tida måtte all transport gjerast med ein liten robåt over fjorden.

06.01 Frå sau og ull til garn og kler

Sande, som dei fleste gardane, hadde sau. Desse blei klypte 2 gonger årleg med sauesaks, og av ulla skulle det lagast garn til strikking og veving. Fyrst måtte ulla kardast for at fibrane skulle blandast optimalt. Dette var ein føresetnad for å få sterk tråd med jamn farge. Deretter blei ulla tvinna til garn på rokken som kom til Noreg på 1600-talet. På rokken blei tråden overført til ei snelle og vidare til eit hespetre der tråden blei samla i hespe eller nyste. Kvifor vrange kvinnfolk har fått same nemning ”hespetre” er ukjent. På Sande hadde dei også vev og handdriven symaskin for å veve og sy kler.

På gardsmuseet på Sande er det samla utstyr som var på garden som t.d. sauesaks, karde, rokk, hespetre og symaskin, men og delar av ein vev.

06.02 Mjølkestell

Produksjon av mjølk frå kyr og geit utan kjøling og veg var krevjande. Dette førte til at det meste av mjølka måtte foredlast på garden. Kyramjølka blei separert ved hjelp av separatoren som skilte mjølka til fløyte og skumma mjølk. Fløyten blei kinna til smør medan skummamjølka blei brukt til fôr og/eller til ost. Geitemjølka blei til kvitost og brunost. Etter ei tid lagring av fersk mjølk får den eit lag med fløyte på toppen. Feittet i mjølka er lettare enn mjølkevæska og stig difor opp.

Rundt 1900 var separatoren oppfunnen og komen til Noreg. Sentrifugalkrafta hadde overteke for tyngdekrafta. Når mjølka blei overført til ei roterande kanne vil den tyngre mjølkedelen bli slengt ut mot veggan medan dei lette feittkulene blei samla innerst, og så blei fløyten og skummamjølka ført ut i kvar sine røyr.

For å få smør av fløyte/rømme måtte feittkulene påverkast mekanisk i ei kinne:

- Stavkinne, der staven som likna på ein skistav, blei ført opp og ned til rømmen blei til smør.
- Trekinne, som vi hadde på Sande, hadde ein akse med treskovlar som gjekk rundt i ei kanne av tre og som ”piska” rømmen til smør.
- Stålkinn kom rundt 1910 og der stod aksan vertikalt, og blei dregen med sveiv .

Separatoren, trekinne og stålkinne frå Sande kan du sjå på gardsmuseet.

Ysting går ut på å spalte mjølka sin ostemasse og myse ved hjelp av kalveløype, som opprinneleg kjem frå kalvemagen, under svak oppvarming. Ostemassen blei til kvitost. Mysa, som var det som blei igjen, blei kokt inn til ein brun masse (prim) og blei til brunost.

Kvitosten blei forma i ei rund form og brunosten helst i ei firkanta form.

06.03 Baking – brødmattproduksjon

Kornet blei reinsa på garden ved hjelp av piggtreskeverket som er på gardsmuseet, medan det vart mala på ei lokal mølle i elva frå Feigumfossen i Feiga .

All baking, brød, flatbrød, lefser, vafler og kaker av ymse slag vart utført på garden slik som all anna matproduksjon. Mykje av bakinga vart gjort på eit bakstefjøl som dei la på eit bord eller egne stativ. Flatbrød og lefse blei steikte på takka.

06.04 Kjøttproduksjon – slakting

Både gris, sau og kalv blei slakta på garden, helst om hausten, og blei foredla heime. Grenda hadde eigen slaktar, Olav Havreberg, som gjekk heim til kvar einskild gard for å slakta. Høner blei ikkje betrakta som folkemat, og gjekk til revemat.

Noko av kjøtet blei kokt/hermetisert, men det meste blei salta i saltbingar på stabburet, for å ha som mat om vinteren. Dette var før grenda fekk straum, den kom først i 1953, og då var kjøleskåp og frysar ikkje aktuelt.

Framleis kjem sauene og brukar golvplankane i stabburet som "saltstein" – dei er "impregnerte" med salt.

07. Å vera barn på Sande

Borna på ein gard fekk tidleg vera med på alt gardsarbeidet. Dei fekk både plikter og ansvar, tilpassa til alderen, krefter og tålmod. Slik var det og for dei borna som budde på Sande i feriane. Dei siste 90 åra var det ikkje barn på garden om vinteren, då sjølvfolket var barnlause. Men Sande var ein populær møtestad for heile slekta, slik at det alltid var barn der i skuleferiane. Då var det mykje leik og moro, men og plikter.

I slåttan måtte borna vera med på hesjing, raking og ikkje minst køyring av turrhøy. Å få trakke høyet, det vil seia å fordela høyet i vogna, for så å trø det saman var populært. Og då fekk ein og lov til å sitja på høylasset fram til løa – og om hesten var av det rolege slaget. Dersom ein var rett heldig fekk ein og lov til å halda i taumane og ”styre” hesten . Men blei det for varmt, fekk ein lov til å kjøle seg med eit bad i fjorden.

Og når bæra blei modne måtte ein vera med på bærplukkinga. Det var ofte morosamt den fyrste timen eller so, men ofte blei ein blei lett fort lei av det.

Å få vera med budeia i fjøset var alltid morosamt, anten det var å fora dyra eller å ta bort møka. Men sjølv mjølkinga var ikkje ein barnejobb.

I haustferien var det eplehausting og potetplukking som ein måtte vera med på. Epletrea var ofte høge, og der bonden sjølv ikkje nådde opp, fekk borna lov til å klatre i trea for å plukke ned resten. Og plukking av nedfallsfrukta var alltid ein jobb for borna.

Men sjølv om ein måtte ”jobbe” noko, var leiken heile tida ein sentral del av opphaldet. Det aller grommaste var å få hoppe i høyet når det var køyrt inn så mange lass at dette var mogleg.

Brukar og eigar av Sande dei siste 400 åra

Utfyllande omtale om familiane vil du finna i bygdeboka for Luster, bind 3

- 1. Ole Sande (den eldste brukar me veit om) B(rukar) 1610 – 1641**
- 2. Bjørn Teigen B 1641-1655**
- 3. Bottolf Sande B 1655 – 1680**
- 4. Jens Pederson Sande B 1680 – 1685**
- 5. Erik Jørgensson Talle B 1685 – 1698**
- 6. Thomas Jørgensson Sande (bror til Erik) B 1698 – 1738**
- 7. Torkild Thomasson Sande B 1738 – 1778**
- 8. Thomas Torkildson Sande B 1778 – 1806**
- 9. Torkild Thomasson Sande B 1806 – 1852. E(igar) 1852 – 1852 (Fyrste eigar)**
- 10. Peder E Olson Steen E 1852 – 1854**
- 11. Hans Christopherson Feigum E 1854 -1870**
- 12. Helge Jensson Aspreim B 1865 – 1870. E 1870 – 1877**
- 13. Jens Helgeson Sande E 1877 – 1892**
- 14. Christopher Iverson Mørkrid E 1892 – 1898**
- 15. Nils Rasmusson Sørheim B 1898 – 1915**
- 16. Nils N Sørheim E 1898 – 1974 B 1974 – 1982**
- 17. Atle Ørbeck Sørheim E 1974 – er fortsett eigar (2011)**
 - a. Ole Martin Bakken B 1982 – 1998**
 - b. Trygve Lerum B 1998 – er framleis brukar (2011)**

Nokre omgrepsavklaringar

- **Gardsbruk:** Er ein eigedom med jord og bustad og som har sitt eige gardsnummer og bruksnummer. Sande har gardsnr. 59 og bruksnr. 1 i Luster kommune. Husmannsplassane fekk ikkje eigne gards – og bruksnummer.
- **Husmannsplass:** Ein husmannsplass er eit lite gardsbruk med hus som ligg på jorda til ein større eigedom. Leiga var stort sett arbeidsplikt på garden. Talet på husmenn i Noreg auka fram mot midten av 1800 talet, då husmannsklassen var større enn bondeklassen. I nyare tid har plassen anten vorte sjølvstendige brukseiningar, eller jorda er gått tilbake til hovudbruket, slik det er på Sande. Husmenn kalla vi dei som budde på plassen
- **Fjøs** Eit fjøs er ein bygning for husdyra, i fyrste rekke for storfe (kyr og kalvar), sau og geit. Rommet der hesten stod blir kalla *stallen*.
- **Møkakjellar** Møkakjellaren er ein del av fjøset og ligg som oftast rett under det, slik at ein kunne sope møka frå dyra rett ned i møkakjellaren gjennom ei luke i møkarena som ligg rett bak kyra. Frå gammalt av var utedoen på garden kopla til møkakjellaren – slik var det og på Sande frå gammalt av
- **Stabbur:** Stabburet er bygningen på garden der ein lagra matvarene. Ordet kjem nok frå stav-bur. Inne i stabburet var det lagerplass for mjøl og korn, og ulike saltkommar for salting av kjøt og flesk.
- **Skåle:** Del av uthuset på garden der ein lagra ved – også kalla vedskålen.
- **Eldhuset – bryggerhus:** Bygningen for dei grovare arbeida på garden som krov eld – t.d. slakting, baking, klesvask og liknande. I nokre delar av landet vert dette kalla bryggerhus – då det var ein plass kor dei brygga øl.
- **Dreng:** kjem frå det gamalnorske ordet drengr som tyder gut. På norsk vert nemninga brukt for ein gardsgut – ein som jobbar på garden.
- **Budeie:** Den kvinna på garden som har ansvaret for fjøsstellet på garden eller stølen. Fjøsstellet var stort sett eit kvinnfolkarbeid . Etter kvart kom og gutane med i fjøsstellet – dei vert kalla *sveisere*. Dei vert kalla so då dei fyrste mannlege "budeiene" kom frå Sveits.
- **Skuld- Skyld:** Den som dreiv jorda måtte betale ei avgift, eller leige, til eigaren (kongen eller kyrkja), og blei omtala som garden si "skuld". Dette vart omtala med produkt frå garden, som oftast smør, korn og kyrahuder. Sande hadde på 1700- talet ei skuld på 1 "laup" smør (ca 16 liter), 7 mælar korn (113 liter) og eit "lytefritt" kyraskinn. Ved endringar av systemet i 1836, og seinare i 1886 blei denne skulda i produkt omgjort til ei pengeyting. Frå 1886 vart den kalla markskuld, og for Sande sett til 3,31 markskuld – skrivi 3,31 Mk, og er den verdien som Sande har hatt opp til nyare tid. 1 skyldmark blei rekna som verdien av 200 spesidalar, d.v.s. at Sande hadde ein verdi av 662 spesidalar. Gjort om til dagens pengeverdi hadde ein spesidalar ein verdi på om lag kr 200.
- **Onn:** Vert nytta om dei årvisse travle periodane i jordbruket. Dei ulike årstidene hadde ulike arbeidsoppgåver, og slik fekk onnene ulike namn:
 - *Vårønn* – klargjering av åkrane, pløying, gjødsling og såing
 - *Slåttonn (høyønn):* tradisjonell slått, tørking og berging av høy
 - *Skurønn, potetonn, haustonn:* Innhausting av produkta: Skjæring , tørking og berging av korn, opptak av poteter og hausting av frukt.

SANDE GARDSMUSEUM

SPØRSMÅL TIL BRUK I ARBEIDSBOKA

0A Reiskapar og bruken av dei

0A.0A Gardsreiskap

- 0A.01 Kva er ein *plog* – og kva er forskjellen på ein *ard* ein *velteplog*?
- 0A.02 Kva er ei *hestehakke*?
- 0A.03 Kva er ei *harv*, og kva er forskjellen på fjørharv og piggharv?

- 0A.04 Kva er ein *ljå*, og kva brukte dei den til?
- 0A.05 Kva bruka dei *sigden/skyrua* til?
- 0A.06 Kva er ei *hesteslåmaskin*, og når vart det vanleg å bruka den?

- 0A.07 Kva er ei *rive*, og kva var den laga av før?
- 0A.08 Kva er ei *sleperive*?

- 0A.09 Kva er ei *høytong* og kva er ei *helde* – og kva bruka dei det til?
- 0A.10 Kva er eit *børatog*?

- 0A.11 Kva er ein *snedl/lauvekniv* – og kva bruka dei den til?
- 0A.12 Kva er ein *løypestreng* og kva bruka dei den til?

- 0A.13 Kva er ein *såstav*?

- 0A.14 Kva er eit *høvre* - og kva er eit *bukgjord*?
- 0A.15 Kva er ein *kløvsal*?

- 0A.16 Kva er eit *treskeverk* – og kva er forskjellen på det og ei *mølle*?
- 0A.17 Kva bruka ein *hakkelsmaskin* til?

0A.0B Hushaldsreiskap

- 0B.01 Kva er ein *separator*, og kvifor brukte ein slike?
- 0B.02 Kva er ei *kinne* –nemn ulike typar kinner – og kvifor blei dei brukt?
- 0B.03 Kvifor *sil* ein mjølka?
- 0B.04 Kva er ei *bakstefjøl*?
- 0B.05 Kva er ei *takke*, og kvifor brukte ein dei?
- 0B.06 Kva er ein *rokk* og kva brukte ein *karde* til?
- 0B.07 Kva kalla ein den reiskapen en laga kleder av?
- 0B.08 Kva er ei *tvare* – og kva brukte ein dei til?

0B. Produksjonen på Sande

- 0B.01 Nemn noko av det dei produserte på Sande.
- 0B.02 Kva er ei *hes*, og kvifor *hesja* dei graset?
 - Korleis er hesi inndelt?
 - Kva er ein *endestaur*, og kvifor brukte dei slike?
- 0B.03 Kvifor hesjar så få bønder i dag, og kva gjer dei i staden for?
- 0B.04 Nemn nokre vanlege eple –og pæresortar dei dyrka i Luster.
- 0B.05 Kan du nemne nokre vanlege grassortar dei hadde i Luster?
- 0B.06 Kan du og nemne nokre kornsortar?
- 0B.07 Kva er nedfallsfrukt? Og kva er pressfrukt, og kor var det vanleg å levere den til?
- 0B.08 I kva slags emballasje vart frukta levert i frå 30- talet til om lag 1970?
- 0B.09 Kva var vanleg emballasje for frukta for om lag 100 år sidan?
- 0B.10 Korleis sende ein ofte slakt frå Luster til Bergen i gamle dagar?
- 0B.11 Kva var ein bygdeslaktar?
- 0B.12 Kva vil det seie å hermetisere?
- 0B.13 Kvifor nytta ein ofte salt til kjøtkonservering?

0C. Dyra på garden – og stellet av dei

- 0C.01 Kva slags dyr hadde dei på Sande, og kva produserte dei?
- 0C.02 Når på året var det vanleg at kyrne fekk kalv, og kvifor nett på den årstida?
- 0C.03 Kva vil det seie at ei ku er kollut?

- 0C.04 Kor mange egg produserar ei høne kvar dag?
- 0C.05 Kor lenge tek det å ruge ut hønseegg?
- 0C.06 Kvifor fekk hønsa skjellsand?
- 0C.07 Kvifor hadde dei dyra på fjellet sommarstid – og kva dyr var på stølen?
- 0C.08 Kva vil det seie å bufore?
- 0C.09 Kva er ein vårstøl – og ein sommarstøl?
- 0C.10 Kva kallast personen som steller dyra – mest brukt på dei som stelte dei på stølen?
- 0C.11 Kva er ein landkomme – og kva bruka ein innhaldet til?

0D. Arbeidsoppgåver

- 0D.01 Korleis såg ein vanleg arbeidsdag ut for bonden ikring 1900?
 - Vinter og vår
 - Sommar
 - Haust
- 0D.02 Kva vart dei mannlege tenarane på gardane kalla?
- 0D.03 Nemn nokre døme på vinterarbeid på ein gard i gamle dagar
- 0D.04 Når er vårflyttedagen – og haustflyttedagen?
- 0D.05 Korleis såg ein vanleg arbeidsdag ut for gardkona i mellomkrigstida?
- 0D.06 Korleis greidde dei å koke og baka brød utan straum?
- 0D.07 Korleis kunne dei stryke kleda utan straum?
- 0D.08 Kva nytta husmora saueulla til?
- 0D.09 Gjer greie for arbeidet ho utførte med ulla frå klypping til ferdig produkt.
- 0D.10 Korleis frakta ein vatn til folk og fe?
- 0D.11 Korleis kvessa ein ljåen, øksa og knivane?

0E. Barneaktivitetar

- 0E.01 Nemn noko av dei jobbane barna måtte vera med på
- 0E.02 Kva vil det seia å "hoppe i høyet"